



Kriterium for tildeling av kommunale utleigebustader i Sogndal kommune.

Målgruppa for kommunal utleigebustad er personar som ikkje sjølve, eller ved hjelp av anna offentleg bustadbistand, greier å skaffe seg eigna bustad. Dette vil vanlegvis gjelde personar som på grunn av helse, funksjonshemming, økonomiske eller sosiale årsaker har behov for midlertidig bustad, og som etter ei konkret fagleg vurdering blir sett som å ha urimeleg store vanskar med å skaffe seg bustadalternativ sjølv.

Det er naudsynt å presisere at det å vere eldre eller å ha ein funksjonsnedsetting i seg sjølv ikkje eit tilstrekkeleg kriterium for å bli tildelt ein kommunal bustad. Det må i tillegg vere dokumentert at ein er vanskelegstilt og fyller dei generelle vilkåra og kriteria for tildeling.

- Søkjar må ha lovleg opphald i Norge og ha hatt samanhengande folkeregistrert og faktisk adresse i Sogndal kommune dei siste 2 åra før søknad.
- Krav til butid gjeld ikkje førstegongs busetting av flyktningar i kommunen.
- Søkjar må vere fylt 18 år.
- Søkjar har utfordringar med å skaffe seg bustad på eiga hand og kan vise til forsøk på å skaffe seg bustad sjølv. Søkjar må vere i ein situasjon der det ikkje er rimeleg å forvente at han eller ho sjølv er i stand til å skaffe seg ein eigna bustad på den ordinære bustadmarknaden.
- Dersom søkjar tidlegare har takka nei til tilbod om bustad utan sakleg grunngeving og det ikkje er endringar i søkjar sin situasjon, kan søknad om bustad bli avvist. Bustaden sin standard eller beliggenheit blir ikkje rekna som sakleg grunngeving, med mindre tungtvegande helsemessige eller sosiale grunnar tilseier noko anna.

Har du misleghalde låneforpliktingar, uoppgjort husleige eller krav om tilbakebetaling av bustøtte til kommunen, blir det stilt krav til at gjelda er betalt tilbake eller at det er inngått ein nedbetalingsavtale før søknaden vert handsama. Tidlegare brot på leigekontrakt som førte til utkastning, kan føra til karantenetid på inntil eit år.

Ved misleghald av husleigekravet, kan kommunen nytta moglegheita til at bustøtta frå Husbanken vert utbetalt til Sogndal kommune etter reglane i forskrift om bustøtte.

Tildeling av bustad blir gjort etter ei individuell vurdering som tek utgangspunkt i søkjaren sin sosiale og økonomiske livssituasjon. Det blir lagt til grunn ei skjønsmessig vurdering ut frå kriteria. Søkjar må som hovudregel ha buevne.

Det er egne kriterium for tildeling av omsorgsbustader.

Søkjar skal søke på eige skjema som ligg på kommunal heimeside eller ved å vende seg til innbyggartorget.